



# DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømmeråd

Sokna i Nordhordland prosti

*Sokna i Vaksdal og Voss*

Dato: 05.11.2014

Vår ref: 14/5898 - GTM (14/31432)

Dykkar ref:

## Omfordeling av presteressursane i Nordhordland prosti

Vi viser til brevet vårt datert 29.09.14 til alle sokna i Nordhordland prosti om fordelinga av presteressursane i prostiet og til møtet vi inviterte til 15.10.14 om denne saka.

Vedtaket i bispedømmerådet frå april 2010 vedkomande omfordeling av presteressursar i bispedømmet seier også noko om dei prostia som totalt sett har dei ressursar dei skal ha.

BBDR-036/10, pkt 5:

«Bispedømmerådet vil be prostar som ikkje er omfatta av auke eller reduksjon om å vurdere gjeldande fordeling av presteressursane i prostiet, og der det er naudsynt fremje sak om omfordeling til bispedømmerådet.»

Punkt 7c:

«Prosti som ikkje vil få endra dei samla presteressursane i prostiet, skal vurdere om det er trong for å endra fordelinga av prestetenesta innan prostiet.»

Heile vedtaket ligg ved i kopi.

Vurderingar som er gjort m.a. med grunnlag i talmateriale, jfr vedlegg, tilseier at presteressursane til Solund, Gulen og Masfjorden bør reduserast frå 300 % til 200 % og 100 % overførast til Meland sokn. Før bispedømmerådet kan gjera vedtak i saka, skal den sendast på høyring til involverte partar, slik at desse sine uttalar kan takast med i vurderingane før vedtak i saka.

Vi ber difor om at sokneråda uttalar seg om framlegget til å dra inn 100 % av dei 300 % presteressurs som sokna i Masfjorden, Gulen og Solund har og overføra den til Meland sokn.

Dette kan gjennomførast på fleire måtar. Nokre alternativ er skisserte i det følgjande.

- a) Den eine av dei tre stillingane som er der no, vert trekt inn og overført til Meland. Dette kan gjerast ved vakanse i stilling, det skjer sommaren 2015.
- b) Tre prestar skal arbeida i sokna i desse kommunane, til saman i 200 % stilling. Dei må då også gjera teneste i andre sokn i prostiet. Det er prosten sitt ansvar å fordela ressursane på best mogeleg måte.
- c) Dersom Mo sokn (Modalen) går til Hardanger og Voss prosti, eit samarbeid med Vaksdal eksisterer allereie på ein del område, kan omfordelinga i Nordhordland

verta enklare ved at soknepresten i Ostereidet og Vike sokn også vert ansvarleg for Sandnes sokn. Då kan presten i Solund også ha ansvaret for Brekke sokn og presten i Gulen ha sokna Frøyset og Solheim i Masfjorden i tillegg til Gulen og Mjømna sokn.

- d) Dei tre kommunane beheld tre prestar i kvar sin 100 % stilling, men berre 200 % av kostnadane med dette vert betalt av Bjørgvin bispedøme. Resten, til saman 100 % stilling + andre kostnader, må sokna i kommunane henta frå andre stader. Det kan t.d. vera trusopplæringsmidlar, innsamla midlar eller auka overføringar frå kommunane.


Dersom sokneråda har andre forslag til å endra skeivfordelinga av presteressursane innan prostiet, ber vi om at desse vert presenterte og grunngjevne.

Sidan Vaksdal er nemnt spesifikt i eit av alternativa, går dette brevet også til prosten i Hardanger og Voss prosti, samt sokna i Vaksdal og Voss fellesrådsområde. Vi ber om at dei uttalar seg om alternativet med at Mo sokn evt skal dela prest med sokna i Vaksdal.

Svarfristen vert sett til **2. februar 2015**. Saka kan då handsamast i bispedømerådet sitt møte 2. mars 2015.

Brevet vert også sendt til fagforeiningane etter som omgjerung av stilling skal drøftast i tråd med Hovudavtalen § 13.2 a.

Med helsing

  
Jan Ove Fjelltvøit e.f.  
stiftsdirektør

  
Gunvor Taule Mjanger  
avdelingsleiar

Vedlegg

**Kopi til:**

Prosten i Nordhordland  
Presteforeininga v/ Njål A. Engmark  
TeoLogene v/ Rune Kysnes  
Prosten i Hardanger og Voss prosti